

ALVER KULTURRÅD

Alver kommune
Kulturkontoret

28. sept 2020

Uttale frå Alver kulturråd på «innstilling kulturmidlar haust 2020»

Alver kulturråd vil uttale seg på generelt grunnlag. Det har ikkje vore tid til ein grundig gjennomgang av tildelingane.

Ein ting som kan nemnast i debattane kring tildeling av midlar er det stadig tilbakevendande tema om forskjell mellom drift og prosjekt. Eit prosjekt har ein start og ein klar slutt, medan drift er noko som går gjennom heile året, i fleire år. Dette er eit viktig prinsipp som må kome tydeleg fram i heile prosessen frå søknad til avsluttande prosjektrapport. Kunnskap om aktivitetane til søkjarar om midlar vil vere avgjerande for å få fram det rette bilete i tildelingane.

Når det gjeld dei til dels store kulturprosjekt som får støtte, så kan det vere god medverknad frå alle partar at kulturkontoret får ein undervegsrapport frå søkjarar. Dette for å ha ein oversikt over kulturtilbodet og for å kunne gje ein førstehands tilbakemelding til politikarane (og andre) kva tildelingane går til.

Alver kulturråd registrerer at det blir søkt om kulturmidlar som erstatning for manglande inntekt og økte utgifter i samband med arrangement og handtering av koronavirus. Kulturrådet er usikker på om konsekvensane av pandemien skal handterast via kulturmidlane når det ikkje er lagt føringar på førehand. Rammene for kulturmidlar blei lagt i god stund før pandemien slo ut. Alver kulturråd frykter at ein aksept for å bruke kulturmidlane slik på det noverande tidspunkt, kan skape presedens og gjere det vanskeleg å handsame søknadane i tida framover.

Alver Kulturråd har elles ingen særskilte merknader til innstillinga frå rådmannen.

Som tidlegare nemt så stiller kulturrådet seg til disposisjon i arbeidet med å koordinere tildelingar. Alver Kulturråd takker for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes
Styreleiar



Per Ole Ekker
Sekretær

Epost

kulturrad@alver.kommune.no